

# Får vi også vere med? Om kvinner i norsk lokalpolitikk

Hans-Erik Ringkjøb · Jacob Aars



Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier (Rokkansenteret) har en tredelt publikasjonsserie.

Publikasjonsserien redigeres av et redaksjonsutvalg oppnevnt av avdelingsstyret for Rokkansenteret.

Redaksjonsutvalget har ansvar for å vurdere og plassere publikasjonene som henholdsvis rapporter, notater og særtrykk.

I rapportserien trykkes avhandlinger og ferdige vitenskapelige arbeider, for eksempel sluttrapporter fra forskningsprosjekter. Manuskriptene er vurdert av minst en fagfelle i tillegg til redaksjonsutvalget.

Som notater trykkes arbeidsnotater, foredrag og seminarinnlegg. Manuskripter som trykkes som notater godkjennes av prosjektleder.

Som særtrykk utgis arbeider som allerede er publisert i vitenskapelige tidsskrift eller i bøker.

ISSN 1503-0946

ROKKANSENTERET  
NYGÅRDSGATEN 5  
5015 BERGEN  
TLF. 55 58 97 10  
FAX 55 58 97 11  
E-MAIL: [POST@ROKKAN.UIB.NO](mailto:POST@ROKKAN.UIB.NO)  
[WWW.ROKKANSENTERET.UIB.NO](http://WWW.ROKKANSENTERET.UIB.NO)

**Får vi også vere med?**

**Om kvinner i norsk lokalpolitikk**

HANS-ERIK RINGKJØB OG JACOB AARS

STEIN ROKKAN SENTER FOR FLERFAGLIGE SAMFUNNSSTUDIER

UNIVERSITETSFORSKNING BERGEN

MAI 2008

**Notat nr. 3 – 2008**

## Innhold

FØREORD .....	3
SAMANDRAG.....	4
SUMMARY.....	5
INNLEIING .....	6
Om representativitet.....	8
Kommunar, parti og kvinner sin innverknad på kvinneleg deltaking.....	9
Kommunane .....	9
Partia .....	10
Kvinnene .....	10
Kommunane, partia og kvinner i prosjektkommunane.....	11
KVINNER I NORSK LOKALPOLITIKK FØR OG NO – SAKTE FRAMGANG.....	12
KVINNEFIENDTLEGE OG KVINNEVENLEGE KOMMUNAR? .....	13
Analyse av variasjonen i kvinnerepresentasjon over tid .....	16
PARTI OG KJØNN .....	18
KVA MED KVINNENE SJØLVE? OM MOTIVASJONEN HOS DEI KVINNELEGE KANDIDATANE. ....	22
AVSLUTTANDE DISKUSJON .....	26
Litteratur .....	27

## Føreord

Dette notatet er utarbeidd som ein del av prosjektet «Udstillingswindu for kvinner i lokalpolitikken» finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet. I prosjektet er det sett fokus på kvinnerepresentasjon og 22 kommunar deltek som prosjektkommunar. Notatet dannar eit utgangspunkt for evalueringa av prosjektkommunane samtidig som det er gjort forsøk på å vise kor det kan vere nyttig for prosjektkommunane å gjere kjønnsfordelinga i politiske organ i kommunane jamnare.

Bergen 13. februar 2008

Hans-Erik Ringkjøb Jacob Aars

## Samandrag

Notatet viser at det framleis er ein lang veg å gå før det blir kjønnsbalanse i politiske organ på lokalnivået. Utviklinga har dei siste 20-30 åra vore positiv, men det er ei utvikling som tek tid. Vidare er det klart at ein jammare kjønnsfordeling fyrst og fremst har skjedd blant kommunestyrerepresentantane, men ser vi derimot på toppverv er det langt mellom kvinnene.

Vidare viser notatet at det er mogleg å skilje mellom ulike typar kommunar der kvinner høvesvis er godt og dårlig representerte. Nokon kommunar er nærast kvinnefiendtlege, medan andre er kvinnevenlege. Der det er mange kvinner med er det også langt fleire kvinner som når til topps i lokalpolitikken.

I den vidare utviklinga må eventuelle tiltak ta omsyn både til kommunane, partia og kvinner sjølve. Kommunane fordi dei utgjer rammene der den politiske deltakinga skjer innanfor, partia fordi dei er dørvaktarane inn i politikken og kvinner fordi dei gjennom sjølvutveljing avgjer om dei vil eller ikkje vil delta i politisk arbeid.

Mellom desse tre har partia ei heilt sentral rolle, og analysane viser at høg kvinnerepresentasjon i kommunestyra heng saman oppslutnaden om dei ulike partia. Der dei sosialistiske partia er godt representert er det jamt over fleire kvinnelege kommunestyrerepresentantar. Det tyder på at partia på ulike måtar sikrar eller hindra kvinner i å delta. Det er partia si sentrale rolle i starten av rekrutteringsprosessane som får stor innverknad.

Det overordna bildet er at kvinner får vere med, men utan alle «rettar». Det er ein lengre veg til toppen i lokalpolitikken, både på listene og i verv etter at stemmene er talde. For partia er likevel kvinnene viktige fordi dei sikrar at partia oppnår eit av dei viktigaste representativitetskriteria, nemleg å ha kvinner på vallistene.

## Summary

According to our analysis we are moving slowly in the right direction on the way to gender balance in local politics. During the last 20-30 years we have witnessed a positive development. The representation of women has in particular increased among local councillors in general. On the other hand women are more or less absent as top candidates and as mayors.

The degree of female underrepresentation varies in Norwegian municipalities. We have identified two types of municipalities; those with an overall high level of female local politicians and those with an overall low level. Furthermore, in municipalities with a high level of female participation women are more often nominated at the top of their list, they are more likely to get elected as mayors and they more often run for re-election.

Further attempts to achieve gender balance in local politics must take into consideration the municipalities as the *context* where the participation takes place, the *political parties* as the gatekeepers to local government, and women themselves in respect to *motivation* to participate in local politics.

Among these, political parties have a vital role. Women's representation is positively correlated to representation of socialist parties in the local assembly. This indicates that certain parties enhance, whereas other parties hamper women's participation in local politics.

All in all women are welcomed in local politics, but still they are placed second compared to their male colleagues. Nevertheless, women are important to the political parties as candidates. The appeal of a list consisting of a balanced mix between female and male candidates is regarded as superior to a list where one gender is highly underrepresented.

## Innleiing

Kampen for kvinner sine rettar innan politikken er framleis ikkje avslutta. Dette trass i at det er nærare 100 år sidan kvinner fekk allmenn røysterett ved lokalval. Det jubileet kjem til å gå av stabelen utan at kvinner har oppnådd ein tilnærma same posisjon som menn i lokalpolitikken.

At utviklinga tek så lang tid kan synast underleg, men om vi tek eit lite tilbakeblikk på kva ein er blitt møtt med i kampen for politiske rettar, kan vi kanskje betre forstå kva som har stått i vegen for raskare framgang. Frå Stortingets talarstol vart det på slutten av attenhundretalet uttalt følgjande:

Nuvel, mine herrer, tenk på dette, at det hadde vært Eders mor, som i kraft av stemmerett og valgrett hadde deltatt her i Stortinget i går i debatten om konsultatenes avlønning. Tenk Eder den ærverdige stakkar med sin stakkels fistelstemme utbre sig med all den iver og fanatisme som lett griper kvinnen, om hvorvidt det var rimelig å beholde konsultatene i Wien og Rom! Er jeg den eneste som vilde ha flydd i redsel fra salen, hvis man tenker sig sin mor i en sådan situasjon? (Stortingsrepresentant J.C. Heuch, Høyre 1890 sitert i Skard (1979)).

Men vi treng ikkje å søke så langt tilbake i historia. I 1971 skjedde noko så utenkeleg at kvinner kom i fleirtal i kommunestyra i 3 store kommunar: Asker, Oslo og Trondheim. I ei rekke andre kommunestyre vart kvinnene representert langt betre enn tidlegare. Valet er blitt omtalt som kvinnekupp i kommunane. Men også den gongen var det klare teikn på at ein tvilte på dei valte kvinnene sin kompetanse. «Blind kumulering etter kjønn – velkvalifiserte menn satt utenfor» og «Alle kvalifikasjonskrav satt til side til fordel for ett eneste kriterium, at man er kvinne» er nokre av dei kritiske kommentarane frå den gongen.

Etter den tid har det skjedd store endringar, og særleg i dei politiske partia. Narud og Valen (2007:80) trekker fram at særleg eitt kriterium har «økt enormt i betydning» og det er ein viss kjønnsmessig balanse på listene. Frå ein situasjon der kjønn var eitt av fleire konkurrerande omsyn, endra dette seg til at fleire parti innførte reglar for kjønnskvotering. Dei sosialistiske partia var først ute og sentrumspartia har i praksis gjort kvotering gjeldande. På høgresida i politikken er ikkje dette formalisert, men i praksis lever nomen også i desse partia (ibid:81).

Situasjonen i dag er dermed annleis enn før 1970, men vi kjem ikkje utanom at kvinner framleis er underrepresenterte i dei aller fleste folkevalde organ. Og, som vi skal sjå, er det slik at jo nærmere vi kjem toppverva, dess færre kvinner er det. I folkevalde organ er kvinner underrepresenterte, i toppverva næurst glimrar dei med sitt fråver. Dette er det generelle biletet når det gjeld kvinner i politikken. I Norge er folkevalde organ dominert av menn. Dette er også i tråd med situasjonen i dei aller fleste politiske system. Dei politiske organa og dei politiske elitane er arenaer det menn utgjer eit klart fleirtal.

Men bak dette generelle biletet av kvinnerepresentasjon skjuler det seg stor variasjon. Det er eit meir nyansert bilet, der somme kvinner opplever å vere i eit politisk system lokalt med eit sterkt innslag av kvinner, medan andre opplever det stikk motsette. Det er eksempel på kommunar der kvinner er i fleirtal, og jamvel i den sittande regjeringa er det

pr i dag fleire kvinner enn menn. Slik sett kan eit unyansert bilet hindre at gode og därlege erfaringar som det er mogleg å lære av kjem til syne. Det blir dermed viktig å leite etter kjenneteikn ved dei kommunane der ein er kome lengst i ein jamn kjønnsfordeling for at andre om mogleg kan dra lerdom av utviklinga. Men same kva er kommunar med fleire kvinnelege kommunestyrerrepresentantar enn menn, unnataka som stadsfestar regelen.

I dette notatet<sup>1</sup> skal vi difor sjå nærmere både på korleis utviklinga har vore for kvinneleg representasjon generelt sett over tid i lokalpolitikken, men i tillegg ta nærmere i augesyn moglege forklaringar på kvifor situasjonen er som den er. Slik sett rettar vi søkjeljaset mot to spørsmål: a) Korleis har representativiteten utvikla seg over tid i kommunane og b) kva er grunnane til at kvinner er underrepresenterte i folkevalde organ. Målet er at gjennomgangen ikkje berre skal gje oversikt over situasjonen no og tidlegare, men også at det gjennom analysane skal bli mogleg å peike på kva som kan vere grunnane til at kvinner er godt eller därleg representert? Det handlar dermed om å spørje kvifor det er slik.

Vårt første spørsmål handlar såleis om representativitet. Vi skal difor sjå nærmere på kvinneleg deltaking i lokalpolitikken over tid på ei rekke område. Spørsmålet om kvinner sin deltaking handlar ikkje utelukkande om representasjon i kommunestyra, men også om andre verv og posisjonar. Vårt andre spørsmål rettar seg mot grunnane for at kvinner er därleg representert. Her vil vi sjå spesielt på tre sentrale aktørar. For det fyrst skal vi sjå nærmere på *kommunane*. Kommunane er den konteksten den lokalpolitiske deltakinga skjer innanfor, og i kva grad det er tilrettelagt for kvinneleg deltaking eller er eit miljø der det er vanleg at kvinner er politisk aktive, vil kunne påverke graden av kvinneleg deltaking. Er det kommunar, eller grupper av kommunar, der kvinner er godt eller därleg representert over tid, og om så er tilfelle, kva kjenneteiknar desse kommunane? Det andre vi skal sjå på er dei politiske *partia*. Dei politiske partia er dørvoktarane til politikken. Dei står for utveljinga av kandidatar. Dei som vil stille til val må i all hovudsak gjere det ved å stille på ei partiliste. Spørsmålet er om partia sine listeframlegg sikrar eller hindrar ei jamnare kjønnsfordeling i kommunestyra. Til slutt har vi hovudaktøren i dette prosjektet, nemleg *kvinnene sjølve*. Også dei har eit ord med i laget for å sikre at politiske verv vert likeleg fordelt mellom menn og kvinner. Dette handlar om sjølvutveljing eller motivasjon. Vil eg og kan eg delta? Her har tidlegare analysar vist at den politiske interessa er høgare hjå menn enn hjå kvinner, samt at menn i større grad enn kvinner kan tenke seg å stille til val. Dersom kvinner i større grad takkar nei til å delta i politikken kan vi vanskeleg berre skulde på partia eller kommunane for skeivfordelinga.

Diskusjonen og interessa for kvinner i politikken handlar om representativitet. Det er mangelen på representativitet i folkevalde organ som aktualiserer diskusjonen om kvinner i lokalpolitikken. Vi startar difor notatet med ein diskusjon av representativitetsomgrepet. Dernest ser vi nærmere på korleis vi kan forstå vegen inn i og i lokalpolitikken. Her ser vi nærmere på dei tre hovudaktørane nemnt ovanfor,

---

<sup>1</sup> Notat presentert på oppstartskonferansen for prosjektet ”Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken” Stjørdal 13. november 2007.

kommunane, partia og kvinnene. Til saman dannar desse to delane ramma for resten av notatet som er analysar og dokumentasjon av kvinner sin deltaking i lokalpolitikken.

I notatet byggjer vi på ei rekke datakjelder. For det første har vi nytta valstatistikk over tid henta frå Norsk Samfunnsvitenskaplige Datatjeneste (NSD), data frå Personvalsundersøkinga gjennomført av Rokkansenteret og data frå den siste Lokalvalundersøkinga. Dette har opna for å seie noko om kvinnepresentasjon over tid, men også til å gjere analysar for å søke etter svar på spørsmåla knytta til kvifor kvinner framleis er underrepresenterte i folkevalde organ.

## Om representativitet

Det representative lokaldemokratiet er eit ideal der kommunestyret er eit spegelbilete av innbyggjarane i kommunen (Foverskov 1976:4). Gjennom rekrutteringsprosessen til kommunestyret blir det avgjort kor godt spegelbiletet blir. «Rekruttering av representanter må forstås som en måte å sikre at viktige gruppars syn og interesser kommer til uttrykk i politiske organer. Dette er spørsmålet om representativitet» (Aars 1997:311). Representativiteten til eit kommunestyre kan likevel vurderast på ulike måtar, og det avgjerande er kva form for representativitet som blir lagt til grunn. På den eine sida har representativitet ein sosial dimensjon. Ved sosial representativitet blir det lagt vekt på at folkevalte forsamlingar skal utgjere eit sosialt tverrsnitt av folket. På den andre sida har representativitet også ein meiningsdimensjon. Meningsrepresentativitet vil seie at kommunestyrerrepresentantane skal reflektere dei ulike haldningane og meiningane til innbyggjarane i kommunen.

Når det gjeld kvinner, er det den sosiale representativiteten som står i fokus, men vi kan vanskeleg sjå sosial representativitet uavhengig av meiningsrepresentativitet. Om ein argumenterer for at sosial representativitet er viktig, vil det ofte bygge på eit argument om at kva folk måtte meine er påverka av kven dei er. Fokus er på kven representantane er (Olsen 1988:152). Eit kommunestyre av berre menn vil vere like lite representativt som eit kommunestyre av berre kvinner. Kommunestyret er representativt først når begge kjønn er representert i tilnærma like stor grad som dei er representerte blant veljarane. Fullgod representativitet blir her forstått som at ulike sosiale grupper blir representerte i folkevalte forsamlingar proporsjonalt med kor stor deira gruppe er blant folket (Phillips 1995:6)

Vidare kan ulike sosiale grupper ha sine spesielle erfaringar som kan komme til uttrykk i deira haldningar i politiske spørsmål. Den beste måten å sikre at desse erfaringane blir lagt vekt på i den politiske debatten, er å få folk frå desse gruppene inn i folkevalte forsamlingar. Om grupper systematisk ikkje vert representert, eller i stor grad er underrepresentert, vil den politiske debatten kunne bli fattigare.

Men er det for eksempel slik at kvinner har sine spesielle interesser som dei har felles, eller er dei like ueinsarta som resten av folket? Vil kvinner representere noko som er grunnleggjande feministiske interesser eller idear? Som Phillips (1995:82) seier, vil ikkje ei endring av kjønnssamsetninga i folkevalte forsamlingar garantere at kvinner sine behov og interesser kjem opp på den politiske dagsorden. Verdien av å få ein jamn kjønnsfordeling er at kvinner representerer verdiar, mål og perspektiv som dei har utvikla gjennom sin erfaring som kvinner og som er ulik menn sine erfaringar (Phillips

1995:158). Fleire kvinner i kommunepolitikken vil dermed auke sjansane for eit større mangfald av meininger og haldningar i politikken.

Ein annan grunn til at sosial bakgrunn er viktig, vil vere at det seier noe om korleis det representative demokratiet fungerer, og om ulike grupper sin sjanse til å bli representert. Gir det representative demokratiet like moglegheiter for deltaking? I den grad det ikkje gjer det, vil vi kunne hevde at systemet ikkje er rettferdig. Dersom det er vanskelegare for nokon grupper å bli valt enn for andre, eksempelvis for kvinner versus menn, kan vi stille spørsmål om systemet er rettferdig, fordi ulike grupper ikkje vil ha same moglegheit til å påverke vedtak til fordel for eigen interesse (Lafferty 1983:33). Skeiv representasjon kan også oppfattast som urettferdig fordi bare visse grupper i folket får ta del i det gode som eit tillitsverv kan vere. Deltaking kan nemleg vere ein måte å realisere seg sjølv på. Jo meir skeiv den sosiale samansettigna av dei folkevalte organa er, dess meir ulike er vilkåra for deltaking blant folket (Larsen og Offerdal 1992:17).

Ideen om sosial representativitet har fått sitt klare uttrykk i kommunane ved at det i kommunelova er tatt inn reglar om kjønnsfordeling i kommunale utval og nemnder. I tillegg har som nemnt fleire parti reglar om kjønnsrepresentasjon. Det kan synast som sjølve ideen om sosial representativitet har fått større gjennomslag. Når sjølve ideen om sosial representativitet først er blitt etablert, vil det alltid vere et spørsmål om kva bakgrunnstrekk som er relevante. Kva trekk ved representantane som er politisk viktig vil vere et kontinuerlig tema i den politiske debatten. Kommunelova, debatten om kvinner sin representasjon, forskinga og ulike prosjekt for å betre kjønnsbalansen viser at kjønn er eit viktig bakgrunnstrekk som blir vurdert å ha politisk samfunnsmessig relevans.

## Kommunar, parti og kvinner sin innverknad på kvinneleg deltaking

I innleiinga har vi peikt på at tre aktørar er sentrale for å forstå kvinner sin deltaking i lokalpolitikken. I dette avsnittet skal vi sjå litt nærare på korleis vi tenker oss at desse aktørane kan verke inn på graden av kvinneleg deltaking. Vi avsluttar med å sjå desse tre aktørane i forhold til dei tiltaka som er planlagt i prosjektkommunane.

### Kommunane

Kommunane utgjer konteksten rekrutteringa skjer innanfor. Er det eksempelvis slik at kommunar som har tiltak for å betre kjønnsbalansen lukkast? Har det noko å seie for kvinner i representantrolla om dei er i miljø med jamn kjønnsfordeling heller enn å vere sterkt underrepresenterte? Og har det noko å seie for kvinneleg deltaking om kommunane har kvinner i leiarverv, til dømes i ordførarvervet?

Spørsmåla vert stilt ut frå ein ide om at eigenskapar ved kommunane har innverknad på politisk deltaking. Bakgrunnen er dei store variasjonane som er i kvinner sin representasjon i kommunane. Her kan kommunane variere med tanke på om dei legg til rette for at kvinner kan delta på lik line med menn. Dette kan handle om arbeidsformer og ein tradisjon for at begge kjønn kan innehå leiarposisjonar. Raaum (1995) har mellom anna peikt på at kvinnerepresentasjonen vil kunne variere mellom kommunar ut frå

demografiske variablar som innbyggjartal og kor stor del av innbyggjarane som er kvinner. I tillegg har ho forventningar om at sosioøkonomiske faktorar som urbaniseringsgrad og næringsstruktur vil kunne påverke den kvinnelege deltakinga. Dette er gjerne kopla til den politiske kulturen i kommunane, der ein moderne kultur ikkje forventar at kvinner skal spele ei tradisjonell kvinnerolle.

Vidare vil attval kunne variere mellom kommunane. Her kan vi tenke oss at det både har noko å seie om kommunane spesielt legg til rette for kvinner som folkevalte, men også at det å være i et miljø med mange kvinner kan stimulere kvinner til å fortsette sin politiske karriere.

Poenget er at ei kartlegging av variasjonar i kjønnsbalansen i kommunane vil gjere at vi kan identifisere kommunar med god og dårlig kjønnsbalanse. Det vil opne for analyser som kan seie noko om det er fellesnemnarar for kommunane alt etter kva gruppe dei hamnar i.

### Partia

Vegen fram for å bli valt går i all hovudsak gjennom dei politiske partia. Partia får dermed ei nøkkelrolle i arbeidet med å styrke kvinner sin posisjon. Vidare er det vist at partia sine prioriteringar på listene er førande for kven som blir valt (Christensen m. fl 2004, Hellevik og Bergh 2005). Allereie i partia sine rekrutterings- og nominasjonsprosessar vert premissane for kven som blir valt inn i kommunale verv lagt. Vidare er det vist at desse prosessane i seg sjølv neppe fremjar kvinner i lokalpolitikken (Hellevik og Skard 1985, Offerdal 1968, Ringkjøb 1997, Ringkjøb og Aars 2007). Dette fordi partia sine nominasjonskomitear i hovudsak består av middelaldrande menn som har ein tendens til å spørje sittande kandidatar, som gjerne er menn og som vidare gjerne vil ha toppkandidatar med erfaring, ei erfaring som menn svært ofte har.

Men, det er likevel interessant å registrere to fenomen: a) Mange parti jobbar aktivt for å styrke kvinner sin posisjon og b) Det er store variasjonar mellom parti og kommunar. Her kan vi slå fast at partipolitikken er i betre balanse enn mange andre samfunnsfelt, men det blir av den grunn ikkje mindre viktig å studere den tildels store variasjonen. Å undersøke kvinner i lokalpolitikken blir mellom anna viktig fordi politikken i særleg grad har eit demokratisk problem om politiske rekrutteringsprosessar fører til ein systematisk skeivrepresentasjon på grunnlag av kjønn.

Det vi derimot ikkje veit særleg mykje om er kvifor det er store variasjonar mellom partia. Kva er det som i gitte situasjonar fremjar kvinner i samband med nominasjons-, val- og konstitueringsprosessar? Ein sentral forklaring vil vere at partia i ulik grad prioriterer kjønnsbalanse. Særleg dei sosialistiske partia har i lang tid hatt reglar for sine listeoppsett med krav til kjønnsfordeling. Det er også vist, mellom anna frå Sverige, at kvinner er best representert der dei sosialistiske partia står sterkest (Bäck 2007).

### Kvinnene

Vi har ovanfor peikt på ulike sider knytt til utveljing av kvinner til ulike posisjoner og korleis kommunane kan legge til rette for kvinner sin medverknad. Men korleis stiller kvinner seg til politiske verv? Dette handlar om sjølvutveljing. Det er mellom anna vist at viljen til å stille til val er høgare mellom menn enn mellom kvinner og at det er fleire

mannlege enn kvinnelege partimedlemar (Ringkjøb 2000, Saglie 2002). Det tyder på at menn er høgare motivert for politisk arbeid, og kva skuldast i så fall det? Er kvinner mindre interesserte i politikk, eller opplever dei ein høgare terskel for å kunne delta? Trass lågare motivasjon og at eit mindretal av partimedlemane er kvinner, makter partia å auke kvinnerepresentasjonen mellom kandidatane til kommuneval sett i forhold til partimedlemane samla, men dette gjeld ikkje partia sin toppkandidatar, der menn er klart overrepresentert (Christensen m.fl 2004, Ringkjøb 1997).

Det er dermed viktig å auke vår kunnskap når det gjeld kvinner i politikken. Korleis varierer deira deltaking og kva skal eventuelt til for å auke deltakinga. Som vi kjem tilbake til handlar mykje av dette om motivasjon, men på same tid er det vanskeleg å sjå motivasjonen uavhengig av dei rammevilkåra som er for å vere kvinne og å drive politikk. Dette kan både handle om ein politisk kultur, men også om praktiske forhold for å legge til rette for auka kvinneleg deltaking.

## Kommunane, partia og kvinner i prosjektkommunane

Tiltaka i prosjektkommunane spenner over et vidt felt og rettar seg både mot kva kommunen kan gjere, kva partia kan gjere og kva kvinner sjølv kan gjere. Tiltaka kan grovt oppsummerast på følgjande måte:

I enkeltkommunane skil Øygarden seg ut ved å vere den kommunen som har lågast kvinnerepresentasjon i lokalpolitikken, og målet for kommunen er gjennom å betre arbeidsvilkåra for politikarane å ikkje lenger vere kommunen med lågast kvinneleg deltaking i folkevalte organ når vi kjem til valet i 2011. Det er *kommunen* som skal gjere grep. Ser vi på de andre enkeltkommunane er Alta, Enebakk, Løten og Vestnes alle valt ut mellom anna fordi dei vil satse på tilrettelegging for kvinneleg deltaking. I Alta med tiltak for å aktivisere småbarnsforeldre politisk, i Enebakk ved forsøk med frikjøpsordningar av politikarar med høg belastning i forhold til lokalpolitiske verv, i Løten ved å satse spesielt på utvikling av nye og betre møteformer og møter på dagtid og i Vestnes ønskjer ein å betre arbeidsvilkåra for lokalpolitikarane som jobbar turnus. I alle desse kommunane ønskjer *kommunen* å gjøre grep for å få kvinner til å delta. I Norddal og Sigdal er *motivasjon* sentralt. Norddal vil drive oppsøkande aktivitet på arbeidsplassane for å motivere kvinner og Sigdal starte med motivasjonsarbeid allereie i ungdomsskolen.


Variasjonen er også stor i dei fire kommunenettverka. I kommunenettverket Steinkjer, Verdal, Rissa og Osen er *partia* i fokus. Dei interne rekrutteringsprosessane i partia er sentral, samt etablering av fadderordningar for nye kvinnelege politikarar. I kommunenettverket Sel, Dovre, Lom og Luster er det derimot eit meir eksternt fokus retta mot media. Dei ønskjer mellom anna kurs i mediehandtering for kvinnelege politikarar. Ein tilsvarande orientering finn vi i kommunenettverket Hå, Karmøy og Strand. Det handlar om media og å utvikle ulike mediestrategiar for å synleggjere kvinner som stiller til val. Vidare skal etablerte kvinnelege politikarar bli ambassadørar for å rekruttere fleire kvinner inn i politikken. Her kjem *kvinna* i fokus både ved å delta på kurs og ved å bli synlege i media. Dette fører oss over på det siste nettverket, som på lik linje som Norddal og Sigdal, vektlegg *motivasjon*. Kommunenettverket Skien, Bamble,

Siljan og Porsgrunn vil ha ein tiltakspakke som skal motivere og engasjere kvinner i lokalpolitikken. Kommunane vil arrangere inspirasjonssamlingar for kvinner og utvikle mentorordning for nye kvinnelige politikarar.

## Kvinner i norsk lokalpolitikk før og no – sakte framgang

Som allereie nemnt har utviklinga for kvinneleg deltaking vore positiv over tid, men problemet er først og fremst at endringane tek lang tid. I det følgjande skal vi sjå nærmare på korleis den faktiske utviklinga har vore ved hjelp av ulike datakjelder.

*Figur 1: Kvinnelege representantar, ordførarar og vararepresentatar i kommunestyra over tid. Prosent.*



Kva viser så utviklinga når det gjeld kvinner i norsk lokalpolitikk? Ein innleiande konklusjon kan vere sakte framgang. Om vi tar det lange perspektivet når det gjeld kvinner som representantar i kommunestyra, har endringa vore frå nærmast null tidleg på 1900-talet til rundt 35 % i 2003. Analysen over tid viser at utviklinga skaut noko fart frå slutten av 1960 talet, då representasjonen av kvinner i kommunestyra framleis var på under 10 %, og fram til 1990-tallet då ein kom godt over 30 %. Etter den tid har auken i kvinnelege folkevalte lokalt stagnert og det har blitt ei stabilisering på i underkant av 40 % kvinner i kommunestyra. Det er heller ikkje noko som tyder på at 2007-valet har ført til radikale endringar. Det blir neppe mogleg å passere 40 % grensa og vegen fram til den magiske 50 % grensa synest lang. Med den same auken som frå 1999 til 2003, som var på 1,7 %, vil det ta 33 år før vi når 50 % kvinner i kommunestyra.

Eit anna mål på kvinner sin styrke i folkevalde organ er å sjå på kjønnsfordelinga mellom vararepresentantane. Er det slik at kvinner er like mykje overrepresenterte

mellom vararepresentantane som dei er underrepresenterte mellom representantane? Om så hadde vore tilfelle ville ein nærliggande hypotese vere at kvinner ikkje har nådd opp i sjølve valet, anten fordi dei er blitt forbigått av menn, eller fordi dei i utgangspunktet hadde lågare listepllassering enn menn. Men slik er ikkje situasjonen. Ser vi på figur 1 kjem det fram at kvinnerepresentasjonen blant vararepresentantar heller ikkje har kome over 40 %, men det nærmar seg. I 1967 var om lag 16 % av vararepresentantane kvinner, mot tett oppunder 40 % etter 2003 valet. Utviklinga har næraast vore identisk som utviklinga når det gjeld representantar. Vi ser parallelle liner over tid, men når det gjeld vararepresentantar både starta og avslutta ein litt høgare.

Tek vi dette eit skritt vidare og ser på det politiske toppvervet i kommunane, ordførarvervet, blir det mykje lengre mellom kvar kvinne. I ordførarstolane glimrar kvinner med sitt fråver. Vi skal ikkje lengre tilbake enn til 1971 for å finne det året kor det var mindre enn 1 % av ordførarane som var kvinner. Og på dette området har det, om mogleg, vore ei endå saktare utvikling. Likevel er det ein positiv utvikling. Fyrst ved valet i 1991 kom ein over 10 % kvinner i ordførarstolane og vi har endå ikkje passert 20 %. Det kan her nemnast at det er store regionale skilnader, der det etter valet i 2007 er ca 40 % i av ordførarane i Hordaland som er kvinner medan for heile riket er det under 20 %.

Kva seier så dette oss? Jo, det overordna biletet viser systematisk underrepresentasjon av kvinner i lokalpolitikken. Dette er heilt i tråd med tidlegare norske og nyare internasjonale undersøkingar (Norris 2004). Vidare viser det seg ei udelt positiv utvikling, men det er ei utvikling som tek tid. Det går sakte, men sikkert framover vil enkelte hevde. Andre vil seie at det går altfor sakte, og at målet om 50 % av begge kjønn i folkevalte organ ikkje vil bli nådd innan rimeleg tid. Dette har vore blant grunngjevingane for meir drastiske tiltak som å stille krav til kjønnsbalansen på partia sine listeframlegg. Mest urovekkande er det kanskje at kvinner til dei grader er underrepresenterte blant ordførarane. Vidare er det heilt systematisk slik at sjølv om kvinner er underrepresenterte i eit verv, er dei også underrepresenterte i motsvarande fora eller verv. Dei utgjer 35 % av representantane og 40 % av vararepresentantane, 17 % av ordførarane og ca 35 % av varaordførarane. Dette er heilt i tråd med tidligare forsking som også viser at 40 %-regelen om kjønnsfordeling i kommunale råd og utval systematisk fører til 60-40 i favør menn. Dette gir oss grunn til å stille følgjande spørsmål: Kvifor er kvinner systematisk underrepresenterte i folkevalte organ i lokalpolitikken og i lokalpolitiske leiarverv? Dette skal vi sjå nærare på i dei neste avsnitta. Vi startar med å sjå om det er variasjon mellom kommunane når det gjeld kvinneleg representasjon før vi ser på kva partia sitt nominasjons- og rekrutteringsarbeid har å seie. Vi avsluttar med å sjå nærare på kvinnene sjølve og deira motivasjon.

## Kvinnefiendtlege og kvinnevernlege kommunar?

Er det slik at det er skilnad over tid mellom kommunane når det gjeld kvinneleg deltaking, der nokon kommunar over tid har god og nokon har dårlig kjønnsrepresentasjon? Kanskje kan dei kommunale rammevilkåra vere ulike. I det følgjande skal vi sjå nærare på dette spørsmålet.

Utgangspunktet vårt er at vi ønskjer å finne fram til ulike grupper av kommunar ut frå graden av kvinneleg representasjon over tid. Vi leitar med andre ord etter kommunar som har både god og dårlig kjønnsbalanse i politikken. Det vil også vere mogleg å finne fram til kommunar med gunstig utvikling, utan at dei nødvendigvis utmerkar seg med høg kvinnerepresentasjon. Ein måte å skissere dette på er å skilje mellom kommunar med stabil eller ustabil kjønnsfordeling og om kvinnerepresentasjonen er høg eller låg. Vi får då følgjande firefeltstabell:

*Tabell 1: Kjønnsbalansen i kommunar over tid:*

	Stabil	Ustabil
Høg	1. Stabil høg kvinnerepresentasjon	2. Ustabil høg kvinnerepresentasjon
Låg	3. Stabil låg kvinnerepresentasjon	4. Ustabil låg kvinnerepresentasjon

Med basis i denne inndelinga vil det vere mogleg å kategorisere kommunen alt etter kvinnerepresentasjon i folkevalte organ for så å gjennomføre analysar på om det er likskapar mellom kommunane i dei ulike gruppene. Spørsmålet blir då kva som forklarar variasjonen mellom kommunane. Eigenskapar ved kommunane seier noko om konteksten rekrutteringa skjer i, og det er rimeleg å tru at denne har innverknad for kven som blir valt. Vi vil her berre sjå på dei kommunane som over tid har hatt stabilt høg og stabilt låg kvinnerepresentasjon. Det vil seie rute 1 og 3 i tabellen ovanfor. Det vil seie at kommunane i dei siste tre vala har vore i gruppa av kommunar med lågast eller høgast kvinnerepresentasjon. Representasjonen av kvinner kan såleis variere frå eitt val til neste, men samanlikna med situasjonen i alle andre kommunar har dei vore i gruppene høg eller låg kvinnerepresentasjon.

Som vist har den overordna trenden når det gjeld kvinnerepresentasjon vore ei sakte, men jamn utvikling i retning av auka kvinneleg representasjon i lokalpolitikken. Denne overordna trenden kan likevel skjule eit meir variert bilet. Er det slik som antyda i modellen ovanfor at det er ei gruppe av kommunar med stabilt høg kvinneleg deltaking i politikken og ei anna gruppe der situasjonen er motsett? Og, svaret på spørsmålet er ja. Trenden har ikkje vore den same over alt. I enkelte kommunar har utviklinga gått svært sakte, medan andre kommunar opplever ein heilt annan positiv trend. Ut frå dette er det mogleg å snakke om grupper av kommunar, der nokon framstår som «kvinnefiendtlege» og andre som «kvinnevenlege».

Over tid viser det seg at 49 kommunar ved alle dei 3 kommunevala mellom 1995 til 2003 var i gruppa med lågast kvinnerepresentasjon, medan 55 kommunar i same periode hadde vore blant dei med høgast. I den fyrste gruppa var kvinnerepresentasjonen i gjennomsnitt på 25 prosent, medan det i den andre gruppa er eit gjennomsnitt på 45 prosent kvinner i kommunestyra. Ytterpunktet er ein kvinnerepresentasjon i 2003 på 17 og 62 prosent.

*Tabell 2: Kvinnerepresentasjon i kommunar med stabilt høg og stabilt låg kvinnerepresentasjon ved valet i 2003. Prosent*

	Stabilt høg	Stabilt låg
Kandidatar	41	38
Representantar	45	25
Attval	46	35
Ordførarar	19	4
Ordførarkandidatar	30	16
Topp 5 kandidatar	42	36
Stemmetillegg	43	33

Resultatet er ikkje berre at kvinnene når fram i politikken generelt i kommunane med flest kvinnelege folkevalde, dei når også i større grad til toppen i lokalpolitikken. I dei kommunane som har mange kvinnelege kommunestyrrepresentantar, er det også ein større sjanse for at det blir kvinneleg ordførar. I kommunar med stabilt få kvinnelege folkevalde er det berre 2 kvinnelege ordførarar, dvs 4 %, medan det tilsvarande talet for kommunar med ustabilt høg og høg kvinnerepresentasjon er 21 og 19 %. Det tyder på at om kvinner skal nå fram i kampen om dei kommunale topposisjonane, er det ikkje berre ein føremøn, men næraust ein føresetnad at dei er i eit miljø som har eit høgt innslag av kvinnelege politikarar. Trass i dette er det likevel slik at i dei kommunane med stabilt høg kvinnerepresentasjon, er det berre 10 av 54 ordførarar som er kvinner, dvs 19 %.

Eit anna trekk ved kommunane der kvinnerepresentasjonen er høgast, er at kvinner i større grad ønskjer å stille til attval. Det viser seg ved at i kommunar med eit høgt og stabilt innslag av kvinner i lokalpolitikken utgjer kvinner 4 av 10 som tek attval, mot under 2 av 10 i dei kommunane med lågast kvinnerepresentasjon. Og, ser vi berre på dei kvinnelege representantane i desse kommunane, får vi eit endå betre inntrykk av attvalet, fordi i kommunar med stabilt få kvinnelege folkevalde tek 35 prosent av desse attval, medan det i kommunar med stabilt mange kvinnelege folkevalde er det 46 prosent som gjer det same.

Går vi til partia sine nominasjonar, er det ikkje stor skilnad på kor stor del av listekandidatane som er kvinner og menn. Der representasjonen av kvinner er lågast, er 38 prosent av kandidatane kvinner, medan den er på 41 prosent der situasjonen er at det er mange kvinnelege folkevalte. Men det er større skilnader om vi ser nærmare på toppkandidatane. I kommunar som har stabilt høg kvinnerepresentasjon utgjer kvinner 30 % av toppkandidatane, dvs partia sine ordførarkandidatar, mot berre 16 prosent i gruppa av kommunar med låg kvinnerepresentasjon. I tillegg er dei langt betre representerte i gruppa av kandidatar med stemmetillegg, 43 prosent, mot 33 prosent i kommunane med jamt låg kvinnerepresentasjon. Noko av det same ser vi blant topp 5 kandidatar. 42 prosent av dei er kvinner i dei kvinnevenlege kommunane, mot 36 prosent der kvinnerepresentasjonen over tid har vore låg. Dermed er ein avgjerande grunn til at kvinner når fram i desse kommunane det som skjer i partia sine nominasjonar. Kvinnene vert prioritert høgare på listene, både som ordførarkandidatar, blant gruppa av kandidatar med stemmetillegg og blant topp 5. I dei kvinnevenlege kommunane vert kvinnene plasserte på vallistene slik at dei har ein langt betre sjanse for å bli valt.

## Analyse av variasjonen i kvinnerepresentasjon over tid

Ut frå det vi har vist til no er det kommunar der kvinneleg politisk deltaking er langt betre enn i andre kommunar. Kva er det så med desse kommunane? Vi skal no analysere kva som er kjenneteikna ved kommunane med mange kvinner i lokalpolitikken. For å forklare den variasjonen vi finn må vi ha ein ide om kvifor det er høgare deltaking mellom kvinner i nokre kommunar framfor andre. Vi har tidlegare peikt på eit par moglege forklaringar, men vil her grupper dei ut frå to eigenskapar ved kommunane: a) demografiske og sosioøkonomiske eigenskapar og b) institusjonelle/politiske eigenskapar.

Den fyrste typen omfattar innbyggjartalet i kommunane og kor stor del av innbyggjarane som er kvinner (Raau 1995). Ideen her er at der det er mange kvinner vil det vere lettare for partia å kunne rekruttere kvinner. Raau (ibid.) peikar også på sosioøkonomiske variablar som urbaniseringsgrad og næringsstruktur. Eit anna trekk som har vist seg relevant er utdanningsnivå, mellom anna fordi ein ser at dei kvinnene som deltek politisk jamt over har høgare utdanning enn kvinner generelt. Bäck (2007) peikar på at vi gjerne kan snakke om ein kommunal kultur, der kommunar i større eller mindre grad kan framstå som moderne. Det tradisjonelle kvinnesynet står svakt i moderne kommunar, og dermed kan også næringsstrukturen spele ei rolle. Ein ide kan då vere at jo færre som er tilsett innan jordbruks og industri dess høgare er sjansane for auka politisk deltaking frå kvinner.

Den andre gruppa av forklaringsvariablar er dei politisk/institusjonelle. Ei side ved dette er oppsluttnaden om sosialistiske parti. Desse har jamt over fleire kvinner på listene, slik at der desse vinn mange mandat eller får mange røyster vil vi vente høg kvinnerepresentasjon i lokalpolitikken. Vidare vil talet på representantar kunne spele ei rolle. På den eine sida er talet på representantar høgast i dei store kommunane, men samtidig er det større konkurranse om plassane sidan det er færre folkevalte pr innbyggjar, og dermed er konkurranse stor om å bli valt eller nominert til ei valliste. Matland (1993) forventar likevel at jo fleire plassar i kommunestyret, dess høgare vert kvinnerepresentasjonen. Argumentasjonen er at menn ikkje i same utstrekning som i kommunar med få verv må gje opp den posisjonen dei har i kommunen. Hanna Bäck (2007) seier at tanken er den at dei som har makt vil sitte på makta, men at det er lettare for kvinner og andre grupper å utfordre dei som har makt der det er fleire bein å kjempe om.

Ut frå eit avgrensa tal variablar har vi gjennomført ein analyse av kva som kan forklare variasjonen vi finne mellom kommunane når det gjeld representasjon av kvinnelege folkevalde. Dersom vi gjennomfører ein multivariat analyse kjem i hovudsak dei forventa samanhengane fram. Resultata frå regresjonsanalysen er vist i tabell 3, nedanfor.

*Tabell 3 : Regresjonsanalyse, kvinnerepresentasjon i kommunane*

	Standardiserte Koeffisientar	T-verdiar
Folketal	,245	1,896
Utdanningsnivå	,268	4,833
Tradisjonell næringsstruktur	,127	2,046
Andel kvinner	-,078	-1,590
Totalt mandatal	-,314	-2,529
Mandat til sosialistiske parti- Ap, SV, RV og NKP	,386	6,164
Justert R <sup>2</sup>		,17

Dersom vi ser på dei sosiodemografiske variablane er det berre ein av dei som visar ein samanheng, og det er næringsstruktur. Næringsstruktur her er delt mellom moderne og tradisjonell næringsstruktur, der den tradisjonell er andel av sysselsatte som jobbar innanfor jordbruk og industri. Her ser vi ein positiv samanheng, noko som er overraskande samanlikna med andre studiar. I vårt materiale er kvinnerepresentasjonen høgare i kommunar prega av tradisjonell næringsverksemd. Når det gjeld kor stor del av innbyggjarane som er kvinner og folketalet i kommunane viser analysane ingen samanheng. Men, den av dei sosioøkonomiske variablane som er sterkest er utdanning. Jo høgare utdanningsnivå, dess større sjanse for at kvinner vert godt representerte i lokalpolitikken. Dette er ein forventa samanheng, men det gjer også at den positive samanhengen mellom høg kvinnerepresentasjon og ein tradisjonell næringsstruktur vert endå vanskelegare å forstå.

Kva så med dei politisk/institusjonelle variablane. Her ser vi den forventa samanhengen mellom kor mange mandat dei sosialistiske partia vinn og høg grad av kvinnerepresentasjon. Dette er heilt i tråd med våre forventningar og i samsvar med at desse partia har ein jamnare balanse mellom kjønna på sine lister. Likeins er det når det gjeld mandatttalet. Her finn vi som Bäck (2007) og Matland (1993) at jo færre verv jo lågare kvinnerepresentasjon. Det er ein negativ samanheng, noko som kan tyde på at konkurransen om verv er sterkt der det er mange bein. Eit alternativ til denne analysen ville vert å sjå kvinnerepresentasjonen i forhold til kor proporsjonal valordninga er. Samla forklarar modellen 17 % av variansen i materialet.


Oppsummert ser vi ved hjelp av analysar over tid eit bilet av det vi kan kalle kvinnefiendtlege og kvinnevenlege kommunar. Det finnes ei gruppe kommunar der kvinnene er dårlig representerte og ei anna gruppe der dei er godt representerte og dette biletet er stabilt frå val til val. Vidare får dette konsekvensar for korleis kvinner gjer det elles i lokalpolitikken. Dermed har konteksten innverknad for kvinner sin deltaking i lokalpolitikken. Analysane avdekker eksempelets makt. Nokon må gå framfor og vise veg og då ser det ut til at kvinnerepresentasjonen held seg høg også ved neste val. Det kan tyde på at kommunar med ein balanse mellom kjønna fører til betre vilkår for politisk deltaking for begge kjønn. For å forklare variasjonen mellom kommunane står det framleis att analysar, men velkjente samanhengar som utdanningsnivået i

kommunane og kor mange mandat dei sosialistiske partia vinn kjem klart fram i våre analysar.

## Parti og kjønn

Ein annan del av svaret på ubalansen i kjønnsfordelinga i lokalpolitikken kan finnast om vi ser nærmere på partia. Det handlar om å sjå nærmere på kva som skjer før vi kjem til sjølve valet og kven som blir representerte. Det handlar om kvinnelege kandidatar og kvinnelege kumulerte kandidatar/kandidatar med stemmetillegg. Spørsmåla blir då for det første i kor stor grad kvinner hamnar på partia sine vallister og dernest korleis dei plasserer seg på lista. Er dei reelle kandidatar eller listefyll?

*Figur 2: Kvinnelege kandidatar, kumulerte kandidatar og representantar over tid. Prosent.*



Figur 2 viser kor stor del av kandidatane, dei kumulerte og representantane som er kvinner frå 1975 og fram til i dag. Det interessante her er at kvinner utgjer ein mindre og mindre del etter kvart som vi nærmar oss toppen av lista og kven som vert valt inn. Dersom vi samanliknar kandidatar og kumulerte, så er det systematisk slik at blant kumulerte er det ein litt mindre del av kvinner enn kva det er som kandidatar, og når vi kjem til valet ser vi at kvinnene utgjer ein endå mindre del av dei folkevalte. Det positive trekket er at skilnaden mellom kandidatar og representantar har blitt mindre over tid. Biletet viser at kvinner svekker sin posisjon i prosessen fram til valet. Dette er i tråd med ei forventning om tiltakande sosial skeivfordeling i politiske organ (Putnam 1976).

Ein vanleg konklusjon på desse resultata har vore at kvinner taper i valet. Hadde dei vore representert like sterkt i kommunestyret som på vallistene, ville det i 2003 vore 40 % kvinnelege representantar, mot at det vart 35.5 %. (Sjå Hellevik 2002, Gulsvik 2006).

Dette baserer seg på ein enkel samanlikning mellom kvinnelege kandidatar mot kvinnelege representantar. Det ein derimot ser bort frå er kvinner sin plassering på vallistene. Forklaringsa på at kvinner utgjer ein mindre del av dei valte enn av kandidatane kan like godt vere at dei i mindre grad enn menn er plasserte på sikre plassar på vallistene som at det er eit resultat av at veljarane favoriserer menn.

Og, her har nye analysar vist at heller ikkje urørte vallister ville ha sikra ein høgare kvinnerepresentasjon, snarare tvert imot. For det avgjerande er kva plassering kvinner har på vallistene, ei plassering som jamt over er lågare enn menn sin plassering. Til dette kjem noko som kanskje er endå viktigare, kvinner er sterkt underrepresentert på toppen av vallistene (Christensen m fl 2004). Faktum er at kvinner ikkje får færre, men ørlite fleire personstemmer enn menn, men dette er ikkje nok til å vege opp den skeivfordelinga som allereie er på listene. Av den grunn kjem ein ikkje utanom ein konklusjon der vi må rette merksemda mot rekruttering til vallister og mot dei politiske partia som ein av dei viktigaste forklaringsfaktorane for at kvinner framleis er underrepresenterte i folkevalte organ.

Ser vi isolert på situasjonen ved førre val, viser det seg at sjølv om underrepresentasjonen vert mindre over tid og er mindre enn i dei fleste andre demokratier, er det kandidattilbodet dei norske lokalpartia presenter framleis prega av mannleg dominans. Og, som vist ovanfor vert dominansen meir markert etter kvart som vi går oppover i partihierekiet. Av tabellen nedenfor ser vi i tillegg at kvinner taper terreng ned til å utgjere 35.6 prosent i kommunestyra.

*Tabell 4: Kvinners posisjon på vallisene og blant valte. Kommunevalet 2003. Prosent*

	Kvinnelige kandidater %	Gj.snitt listepllass, kvinner	Gj.snitt listepllass, menn	Prosent kvinner blant valgte	Prosent kvinner med stemmetillegg	Prosent kvinnelige 1. kandidater
Totalt	40.0	14.3	14.6	35.6	38.8	23.3

Dette talet er også lågt samanlikna med fylkestingsvala der kvinnerepresentasjonen var på 43 prosent. På same måte som tidlegare var det likevel ein auke i kvinnerepresentasjonen: 1.7 prosentpoeng samanlikna med valet i 1999, 7.3 poeng i høve til valet i 1995 og om lag 25 prosentpoeng om samanlikna med 1971 (ad kjønnsvotering!). Kvinner hadde dessutan ved valet i 2003 ein noko høgare listepllassering enn menn (14.3 mot 14.6). Kvinnene var likevel underrepresentert blant kandidatar med stemmetillegg, 38.8 prosent av alle kandidatar med stemmetillegg var kvinner. Den mest markerte skilnaden i partia sine val mellom kvinnelege og mannlige kandidatar finn vi ved valet av toppkandidat. Berre 23.3 prosent av dei øvste kandidatane – partia sine frontfigurar som ofte er ordførarkandidatar - var kvinner. Men på same måte som for fylkestingsvalet er skeivfordelinga mindre for dei andre topplassane – det er faktisk også ved kommunevala eit fleirtal av kvinnelege andrekandidatar noko tabell 5 viser.

Tabell 5: Kvinnelege kandidatar etter listeplatz. Kommunevalet 2003. Prosent

Plass	1.plass	2. plass	3. plass	4.plass	5.plass
Andel kvinner	23.3	53.9	37.9	47.8	37.2
N	662	1531	1078	1360	1059

Samla viser analysane av kommunestyrevala at dei nominerte slett ikkje er eit representativt utval av innbyggjarane. Her har vi fokusert på kjønn, men det gjeld også til dømes alder. Ein av grunnane kan vere som Matland (1993) hevdar, at partia først og fremst prioriterer dei sterke gruppene i partiet, og då vil det kunne bli slik som Ringkjøb (2000) har hevda, nemleg at vallistene ikkje er eit representativt utval av innbyggjarane i kommunen, men heller som eit representativt utval av partimedlemene.

Vi kan som andre konkludere med det er partia sine prioriteringar og listeoppsett som i all hovudsak avgjer kven som vert valt, og dermed vert denne delen av rekrutteringsprosessen viktig å analysere. Men på same vis som for kommunar er ikkje partia like, og vi skal avslutte dette avsnittet med ein partivis analyse for å sjå kva parti som opnar døra for kvinner i lokalpolitikken.

*Tabell 6: Krinneleg over eller underrepresentasjon for kandidatar, kandidatar med stemmetillegg, toppkandidatar og valte etter parti ved valet i 2003. – indikerer grad av underrepresentasjon, + grad av overrepresentasjon i prosent.*

Parti	Kandidat	Kandidat med stemmetillegg	Toppkandidat	Valt
AP	-9	-6	-27	-11
FrP	-23	-23	-37	-25
H	-17	-14	-27	-19
KrF	-4	-12	-28	-16
Sp	-13	-13	-31	-15
SV	+1	-1	-12	+1
V	-6	-10	-22	-6
Andre	-10	-13	-28	-19

Mønsteret for partia er ein gjennomgåande underrepresentasjon av kvinner med eit unnatak, og det er SV. I SV finn vi fleire kvinner enn menn både som kandidatar og som valte. For dei andre partia viser tabellen at skeivfordelinga er størst på høgresida i politikken. Innslaget av kvinner er alt i alt minst i FrP og nest minst i H. For FrP gjeld dette for alle posisjonane vi har sett på, medan både KrF, SP og Andre har større underrepresentasjon av kvinner som toppkandidat enn H. Vidare ser vi av tabellen at det skjer eit stort sprang frå gruppa med stemmetillegg til gruppa med toppkandidatar. Jo høgare plass på lista, dess lågare vert kvinnepresentasjonen. Mest markant i så måte

er AP kor spranget frå dei med stemmetillegg til toppkandidatane er på 21 prosentpoeng og dernest for SP med 18. Elles kan ein merke seg at spranga mellom dei som er kandidatar og dei som vert valt jamt over er mindre. Dei som skil seg ut i så måte er KrF og Andre. I KrF er underrepresentasjonen av kvinner blant kandidatar 4 prosent, mot 16 prosent blant dei som vert valt, altså ein skilnad på 12 prosentpoeng. For Andre er det tilsvarande talet 9 prosentpoeng medan alle andre ligg innan ein eit spenn på 0-2 prosentpoeng.

Vi har også gjennomført ei samanlikning der vi ser både på parti og om partia er i kommunar med stabilt låg eller stabilt høg kvinnerepresentasjon. Det overordna biletet er at kjønnsrepresentasjonen er betre for alle posisjonane vi har sett på. Den avgjerande skilnaden mellom desse kommunetypane finn vi i kjønnsfordelinga når det gjeld kandidatar med stemmetillegg. Partia i kommunar med høg kvinneleg representasjon prioriterer i større grad kvinner ved å gje dei stemmetillegg. På den måten er partia, gjennom nominasjonsprosessane, med på å sikre kjønnsfordelinga i folkevalde organ. Til dette mønsteret er det ingen unnatak. Ein same tendens ser vi for toppkandidatane. Kvinnelege ordførarkandidatar er sjeldnare i kommunar med stabil låg kvinnerepresentasjon. Men til denne regelen representerer AP eit unnatak. Kvinner vert ikkje prioriterte som toppkandidatar i partiet i kommunane med stabilt høg kvinnerepresentasjon samanlikna med gruppa av kommunar der kvinnerepresentasjonen er stabilt låg. Dette er vist i tabell 7.

*Tabell 7: Kvinneleg over eller underrepresentasjon for kandidatar, kandidatar med stemmetillegg, toppkandidatar og valte etter parti ved valet i 2003 i kommunar med stabilt høg kvinnerepresentasjon (SL) og i kommunar med stabilt låg kvinnerepresentasjon (SH) – indikerer grad av underrepresentasjon, + grad av overrepresentasjon i prosent.*

Parti		Kandidat	Kandidat med stemmetillegg	Toppkandidat	Valt
AP	SL	-9	-14	-25	-20
	SH	-8	-3	-39	-6
FrP	SL	-25	-24	-42	-31
	SH	-20	-17	-25	-16
H	SL	-18	-24	-34	-32
	SH	-17	-8	-22	-12
KrF	SL	-5	-18	-32	-19
	SH	-5	-5	-8	-1
Sp	SL	-15	-17	-43	-26
	SH	-11	-9	-28	-10
SV	SL	+2	-2	-14	-4
	SH	0	-1	-5	+5
V	SL	-7	-13	-24	-26
	SH	-5	-5	-4	-4
Andre	SL	-12	-26	-34	-31
	SH	-10	-8	-21	-15


Samla ser vi store skilnader mellom partia og dette etter eit forventa mønster der partia på høgresida i politikken i mindre grad oppnår kjønnsbalanse på sine listeoppsett samanlikna med sine konkurrentar i politikken. Dette er også i tråd med det som vi tidlegare har vist, at kommunar med stabil høg kvinnerepresentasjon heng saman med oppslutninga om dei sosialistiske partia.

## Kva med kvinnene sjølve? Om motivasjonen hos dei kvinnelege kandidatane.

Vi har til no sett nærmare på kommunane og partia, og står dermed att med kvinnene sjølve. Det først vi ser på er graden av attval blant kvinner og dernest på kvinnene sin motivasjon for politisk deltaking. Begge desse forholda vil kunne ha innverknad for kvinneleg representasjon i kommunane.

For om partia i sine nominasjoner og på valistene har med mange kvinner er også avhengig av i kor stor grad kvinner tek attval som lokalpolitikar. Jo fleire som tek attval, dess enklare vil det vere å nå ei målsetting om å auke innslaget av kvinner i lokalpolitikken. Partia må i mindre grad få tak i nye kvinner framfor kvart val. Utviklinga for attval blant kvinner er vist i figur 3:

*Figur 3: Attval ved lokalval etter kjønn over tid. Prosent*



Av figuren kan vi avlese kor stor del av dei kvinnelege og mannlige representantane som vart attvælt eller ikkje. Her ser vi at menn ved kvart einaste val i større grad enn kvinner vert valt på nytt. Den viktigaste grunnen til dette er at kvinner i større grad enn menn seier nei til ein ny periode i kommunestyret. Det er ikkje det at dei vart vraka av partia og veljarane, men i stor grad fordi dei sjølv takka nei til ein ny periode i kommunestyret (Offerdal og Østrem 1990, Offerdal og Aarethun 1995). Nettopp det kan tyde på at i tillegg til dei momenta vi allereie har vore innom, er det noko med det å vere representant som er meir attraktivt for menn enn for kvinner. Eit moment som er trekt fram er at det politiske liv over tid er utforma og tilrettelagt av og for menn, noko som gjer det mindre attraktivt for kvinner å delta. Ikkje fordi det er meint å ekskludere kvinner, men fordi ein ikkje har tatt omsyn til at det kan til dømes vere ein verre kombinasjon å vere småbarnsmor i politikken samanlikna med å vere småbarnsfar. På denne måten kan framleis dei tradisjonelle kjønnsrollene slå inn i politikken. Eit siste moment er at kvinner er mindre interesserte i politikk og er nøgd etter ein periode i kommunestyret. Dette er mogleg å teste empirisk, så la oss sjå nærar på kvinnene og motivasjon.

Som vi allereie har vore inne på, kan over- eller underrepresentasjon av einskilde grupper i folkevalde organ skuldast trekk ved dei som vel ut kandidatane eller kandidatane sjølv. I det følgjande avsnittet skal vi sjå nærar på motivasjonen hjå dei kvinnelege kandidatane. Motivasjon er i seg sjølv viktig som ein mogleg forklaring på

kvifor kvinner er underrepresenterte, men i tillegg kan data om kvinnelege kandidatar sin motivasjon gje indikasjonar på bakanforliggende faktorar.

Norsk lokalpolitikk har tradisjonelt ikkje vore karakterisert av kandidatar med sterke politiske karriereambisjonar. Norma har snarare vore at ein ikkje skal fremje sitt eige kandidatur. Rekrutteringa har også vore prega av at mange kandidatar vegrar seg for å takke ja. Mange nølande kandidatar er også blitt valde til kommunestyrerrepresentantar. Men sjølv om mange er nølande, er det også variasjon. Nokre trosser norma og melder si interesse. På bakgrunn av tidlegare forsking er det grunn til å anta at menn er meir frampå enn kvinnene. Dette kan vi undersøke med utgangspunkt i data frå ei undersøking av listekandidatane ved kommunevalet i 2003. Tabell 8 visar bakgrunnen for at kandidatane blei oppførde på lista, slik dei sjølv oppfatta det.

*Tabell 8: Sjølvopplevd bakgrunn for at kandidatar blei satt opp på valliste, kommunevalet 2003. Prosent*

	Kvinne	Mann	Totalt
Ba sjølv om å bli satt opp på lista	4	11	8
Vart beden om å stille, og kunne tenke meg å stille	37	39	38
Vart beden, og takka ja fordi eg vurderte sjansane for å bli vald som små	55	45	49
Ba om å sleppe, men ble satt opp likevel	1	1	1
Vart førd opp på lista utan å bli spurd på førehand	3	3	3
Ikkje svart	1	1	1
Totalt (N i parentes)	101 (423)	100 (653)	100 (1076)

Tabellen gjev ei viss støtte til antakinga om at dei kvinnelege kandidatane er meir tilbakehaldne enn dei mannlege. Berre 4 prosent av dei kvinnelege kandidatane rapporterer at dei aktivt har fremja sitt eige kandidatur, medan dette gjeld 11 prosent av dei mannlege kandidatane. På den andre sida kan vi konstatere at ein større del av dei kvinneleg kandidatane takkar ja til nominasjon fordi dei ikkje trur at dei vil bli valt. Denne forskjellen i svar mellom dei mannlege og kvinnelege kandidatane kan avspegle ulikskapane i faktisk listepllassering mellom kjønna. Det er, som vist, slik at dei mannlege kandidatane oftare blir plasserte hogare på lista og, spesielt, på førsteplassen. Difor er også dei faktiske sjansane for å bli valt inn i kommunestyret større enn for dei kvinnelege kandidatane.

Eit anna mål på motivasjon hjå kandidatane er i kva grad dei sjølv jobba aktivt for å bli vald inn i kommunestyret. Dette målet overlappar nok med det forre, det å fremje sitt eige kandidatur. Men ettersom norma om ikkje å framheve seg sjølv er så sterkt, kan vi tenke oss at motiverde kandidatar finn andre måtar å markere sitt eige kandidatur på, til dømes ved å gjøre seg kjende for veljarane. I tillegg målar dette spørsmålet aktivitet retta inn mot å bli vald, mens det forre sa noko om aktivitetar for å bli nominert. Ein bivariat korrelasjonsanalyse av dei to spørsmåla visar at dei til ein viss grad overlappar,

men samanhengen er svakare enn ein kunne anta: .14\*\*\*. I tabell 9 ser vi svara på spørsmålet om kor aktivt kandidatane arbeidde for sjølve å bli innvalde.

*Tabell 9: «I kva grad arbeidde du sjølv aktivt for å bli vald inn i kommunestyret?» 2003. Prosent*

	Kvinne	Mann	Totalt
I liten grad	71	59	64
Verken/eller	10	14	13
I stor grad	17	25	22
Inga oppfatning/Ikkje svart	2	2	2
Totalt (N i parentes)	100 (423)	100 (653)	101 (1076)

Også når det gjeld aktivitet for å bli valt inn i kommunestyret, er mennene meir frampå enn kvinnene. 25 % av dei mannlege kandidatane har i nokså eller svært stor grad arbeidd aktivt for at dei skulle bli valde inn i kommunestyret. Det same gjeld berre 17 % av kvinnene.

Samla sett gjev det materialet vi har presentert ein viss støtte til antakinga om at kvinner sin motivasjon er lågare enn menn sin motivasjon når dei trer inn i lokalpolitikken. Anna forsking har vist at motivasjon kan endrast etter kvart som ein får erfaring (Aars og Offerdal 1998). Motivasjon er med andre ord ikkje ein konstant storleik. Det er likevel grunn til å vente at dei mest motiverte representantane også vil stå først i køen når dei gjevaste posisjonane skal delast ut, til dømes ordførarvervet.

Motivasjon kan altså utgjere ein ballast som dei valte representantane tar med seg inn i vervet som folkevald. Det at så mange kvinner har takka ja til nominasjon fordi dei trudde sjansane for å bli vald var små (jfr. tabell 8), kan tyde på at mange av dei er blitt bedne om å stå på liste *i eigenskap av å vere kvinne*. Dersom dette er kvinnelege kandidatar si oppleving av nominasjonen, kan ein mistenkje at dei ikkje vil kjenne seg verdsette på grunn av personlege kvalifikasjonar. Nokre kan oppleve at dei skal fylle opp kvota heller enn at dei blir bedne om å gjere ein innsats på grunnlag av personlege kvalifikasjonar. Dermed blir det relevant å sjå på kva eigenskapar dei sjølve trur var viktige då dei vart spurta om å stå på den aktuelle lista. Vi skal i denne samanhengen trekke fram ein særskild faktor, nemleg i kva grad kandidatane opplevde sitt eige kjønn som viktig for at dei vart nominerte. Resultata av denne analysen er vist i tabell 10.

Tabell 10: Moglege eigenskapar hos kandidatar: At eg er kvinne/mann. Prosent

	Kvinne	Mann	Totalt
Lite viktig	19	60	44
Verken/eller	21	29	26
Viktig	52	4	23
Ikkje svart	8	7	7
Totalt (N i parentes)	100 (423)	100 (653)	100 (1076)

Dei færraste vil kanskje bli overraska over at så få menn oppfattar det som lite viktig at dei var menn då dei vart nominerte. Dette gjeld berre 4 %. Til samanlikning oppfattar heile 52 % av kvinnene at dette var ein viktig eigenskap ved dei sjølve som kandidatar. Ikkje meir enn 19 % meiner at kjønn var lite viktig då dei vart nominerte. Svært mange oppfattar det slik at dei vart nominerte, blant anna, fordi dei var kvinner. Kvinnelege kandidatar hjelper partia med å oppfylle eit representativitetskriterium. Ser vi på vurderinga av andre eigenskapar, som i større grad uttrykkjer dugleikskriterium, er det rett nok ikkje så store forskjellar mellom kvinnelege og mannlege kandidatar. Det er om lag like mange kvinner som menn som oppfattar at taleevner var viktige då dei vart nominerte, det er nokre fleire menn som opplevde at initiativ og arbeidskapasitet var viktige eigenskapar som vart veklagde, men forskjellane er ikkje store, og dei kan godt skuldast at menn har høgare tankar om seg sjølve. Det same gjeld kunnskap som eigenskap. Her er forskjellen heller ikkje stor mellom kjønna. Men desse dugleikskriteria må altså vurderast i høve til det eine overskuggande representativitetskriteriet: Kjønn. Kvinner blir nominerte *som kvinner*, og kanskje ser ein del av dei på seg sjølve som kvinnelege alibi på listene.

## Avsluttande diskusjon

I ein situasjon der kvinnepresentasjonen i norske kommunestyre ikkje er tilfredsstillande kjem ønsket om å gjere noko med situasjonen. Utfordringa då blir å finne fram til tenelege tiltak for å nå målet om jamn kjønnssamansetting i politikken. Vidare vil val av verkemiddel måtte vurderast ut frå andre omsyn enn å sikre kvinner ein same posisjon i politiske fora som menn. Eit sentralt spørsmål i så måte er i kor stor grad ein vil regulere kjønnssamansettinga av folkevalde organ. For realiteten er at det er mogleg å gjere noko på kort sikt, men det vil i praksis seie at ein går på tvers av andre verdiar. Det vi tenker på er at det gjennom reguleringar og lover er mogleg å gripe inn i partia sitt nominasjonsarbeid og kome med strenge krav til kjønnssamansettinga på vallistene. Problemet med dette er at ein då grip inn og rokkar ved den frie nominasjonsretten til dei politiske partia. Ut frå våre analysar, der nok partia gjennom sine nominasjonar styrer det meste i forhold til kven som vert valt, kan dette vere ei teneleg løysing.

Til dette kjem likevel det faktum at partia heller ikke står overfor ei lett oppgåve, og det er heller ikke slik at partia gjennom sine nominasjonar vrakar eller nedprioriterer kvinner. Situasjonen er snarar den motsette. Gjennom nominasjonsprosessen får kvinnene styrka sin posisjon både om vi ser det i høve til kor mange kvinner som vil stille til val og ut frå kor stor del av partia sin medlemsmasse som er kvinner. Ser vi spesielt på nominasjonsarbeidet vert det i tillegg rapportert frå partia om stor innsats for å få fleire kvinner med i partia og på vallistene på same tid som utveljarane opplever at kvinner og ungdom er blant dei gruppene det er vanskelegast å få tak i kandidatar. Det skortar slik sett ikke på viljen til å gjere noko med problemet.

Dette gjere det nærliggande å ønske seg ytterlegare analysar av kva rammevilkåra eller kontekst har å seie for kvinneleg representasjon. For som våre analysar har vist, er det store skilnadar mellom kommunane, og her ligg det på same tid eit potensiale for læring mellom kommunane, men då må vi kunne seie meir om kva det er som pregar kommunar med god og därleg kvinnerepresentasjon.

Vidare vil ein lærdom vere at det neppe er enkle løysingar. Kvifor kvinner er lågt representert er eit samansett spørsmål der både kommunane, partia og kvinner spelar inn. Å utelukkande gje skulda på ein av desse vert for enkelt. Likevel er det heilt klart at der desse spelar saman, anten positivt eller negativt i forhold til kvinnerepresentasjon, får det store utslag.

## Litteratur

- Bäck, H. og R. Öhrvall (2007) *Det nya sekelets förtroendervalda – Om politikerantal och representativitet i kommuner och landsting 2003*. Stockholm: Justitidepartementet, Svenska Kommunförbundet och Landstingsförbundet
- Christensen, D.A., T. Midtbø, H.E. Ringkjøb, J. Aars, og L. Svåsand (2004) *Ny personavgordning og hva så? En analyse av kommune- og fylkestingsvalget i 2003*. Rokkansenter Rapport 8-2004. Bergen: Rokkansenteret.
- Foverskov, P.(1976) *Hjem opstilles og vælges? Skrifter fra institut for historie og samfundsvidenskab*, Odense universitetet.
- Gulsvik, I. (2006) *Selsagt kvinner*. Rapport KS.
- Hellevik og Bergh (2005)
- Hellevik, O. (2002) *Velgere, partier og representanter. Kristisk søkelys på ordningen for personutvalg i den nye valgloven*. Makt- og demokratiutredningens rapport 61, Oslo : Makt- og demokratiutredningen
- Hellevik, O. og T. Skard (1985) *Norske kommunestyre – plass for kvinner?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Lafferty, W.M. (1983) «Deltakelse og demokrati. Momenter i en uendelig dialog», i T. Bergh (red.): *Deltakerdemokratiet. Teori og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Larsen, H.O. og A. Offerdal (1992) *Demokrati uten deltakere? Arbeidsvilkår og lederroller i kommunepolitikken*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Matland, R. (1993) «Institutional Variables Affecting Female Representation in National Legislatures: The case of Norway». *Journal of politics* 55:737-755
- Narud, H.M. og H. Valen (2007) *Demokrati og ansvar. Politisk representasjon i et flerpartisystem*. Oslo: Damm
- Raaum, N.C. red. (1995): *Kjønn og politikk*. Oslo: Tano.
- Norris, P. (2004), *Electoral Engineering – Voting Rules and Political Behavior*. Cambridge: Cambridge University Press
- Offerdal, A. (1968) *Rekruttering av de folkeredte i Oslo. Nominasjonene og de nominerte, kommunervalget 1967*. Magisteravhandling. Oslo: Institutt for statsvitenskap.

- Offerdal, A. og W. Østrem (1990), *Personskifte og arbeidsvilkår i kommunalpolitikken: Sluttrapport frå prosjektet «Arbeidssituasjonen til dei folkeralde i Sogn og fjordane»* Oslo: KS
- Offerdal, A. og T. Aarethun (1995), «Rekruttering av folkevalde: Plikt, engasjement og karriere» i Hansen, T. og A. Offerdal, *Borgere, tjeesteytere og beslutningstakere*. Oslo: Tano
- Olsen, J.P. (1988) *Statsstyre og institusjonsutforming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Phillips, A. (1995) *The politics of presence*. Oxford: Clarendon Press.
- Putnam, R.D (1976), *The Comparative Study of Political Elites*. Englewood Cliffs, N.J.: Prentics-Hall
- Ringkjøb, H.-E. (1997) *Rekruttering til lokalpolitikken. Ei undersøking av partia sitt rekrutterings- og nominasjonsarbeid i fire norske kommunar*. Rapport nr. 54. Bergen: Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Ringkjøb, H.-E. (2000) «Tar partiene representativitet på alvor?», i A. Offerdal og J. Aars (red.): *Lokaldemokratiet – Status og utfordringer. Aktuelle forskningsbidrag*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Ringkjøb, H.-E. og J. Aars (2007) «Partidemokrati uten deltagere – om partienes nominasjons- og rekrutteringsprosesser i lokalpolitikken». *Tidsskift for samfunnsforskning* nr 3.
- Saglie, J. (2002) «Partienes rolle i lokalpolitikken», i B. Aardal (red.): *Valgdeltagelse og lokaldemokrati*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Skard, T. (1979), «*Kvinnekupp* i kommunene. Oslo: Gyldendal
- Aars, J. (1997) *Rekruttering og personskifte i lokalpolitikken. En sammenligning av Finland og Norge*. Doktorgradsavhandling. Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap. Universitetet i Bergen.
- Aars, J. og A. Offerdal red. (1998) *Lokaldemokratiet. Status og utfordringer. Aktuelle forskningsbidrag*. Oslo: Kommunenes Sentralforbund.

## NOTATSERIE ROKKANSENTERET (ISSN 1503-0946)

Notatene kan bestilles fra Rokkansenteret, tlf. 55 58 97 10,

e-post: [post@rokkansenteret.uib.no](mailto:post@rokkansenteret.uib.no), <http://www.rokkansenteret.uib.no>

### 2008

- 1-2008** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Living in the past? – tenure and attitudes in the central civil service». January 2008.
- 2-2008** *Jan-Kåre Breivik og Bodil Ravneberg*: Rom for refleksjon. Kirkens Bymisjon og oppfølging av bostedsløse. April 2008.
- 3-2008** *Hans-Erik Ringkjøb og Jacob Aars*: Får vi også vere med? Om kvinner i norsk lokalpolitikk. Mai 2008.

### 2007

- 1-2007** *Kari Ludvigsen og Svanaug Fjær*: «Varig bolig framfor hospits». Februar 2007.
- 2-2007** *Kari Ludvigsen og Reidun Faye*: «Bobilbud for ressurskrevende brukere innen lokal helsetjeneste i omstilling. Evaluering av prøveprosjektet Bufellesskapet Vik i Jondal kommune». Mai 2007.
- 3-2007** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «NPM and Beyond – Leadership, Culture, and Demography». June 2007.
- 4-2007** *Tord Skogedal Lindén*: «Unearthing a European Union Family Policy. The Impact of Social Protection Policies». August 2007.
- 5-2007** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «The Challenge of Coordination in Central Government Organizations». Oktober 2007.
- 6-2007** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «The Regulatory Orthodoxy in practice» November 2007
- 7-2007** *Hilde Randi Høydal*: «Samordning av samfunnssikkerhet i norsk sentralforvaltning» November 2007
- 8-2007** *Tom Christensen, Anne Lise Fimreite and Per Lægreid*: «Crisis management – The Case of Internal Security in Norway. » December 2007
- 9-2007** *Torkel Grahm – Haga*: «Myten om et integrert tilsyn; en studie av Mattilsynets etablering og drift» Desember 2007.

### 2006

- 1-2006** *Martin Byrkjeland*: «Høgare utdanningstilbod på Vestlandet og i Agder-fylka». Mai 2006
- 2-2006** *Svanaug Fjær*: «Dagsverket – lavterskel arbeidstilbod for rusavhengige. Evalueringsrapport». Juni 2006.
- 3-2006** *Birgit Skjelbred-Knudsen Valde*: «Norsk anti-korruptionspolitikk – svar på behov eller utløst av en internasjonal trend». Juni 2006.
- 4-2006** *Håkon Høst*: «Kunnskapsstatus vedrørende rekruttering og utdanning til pleie- og omsorgstjenestene i nordiske land». Juni 2006.
- 5-2006** *Ingrid Helgøy, Sturla Herfindal og Torgeir Sveri*: «Undersøkelse av hovedfags- og masterstudenters gjennomføring og vurdering av studiesituasjonen». Juni 2006.
- 6-2006** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «The whole-of-government approach – regulation, performance, and public-sector reform». August 2006.
- 7-2006** *Martin Byrkjeland*: «Kortare arbeidstid – Eit oversyn over diskusjonen om arbeidstidsforkortinger i Noreg 1880–2006». August 2006.
- 8-2006** *Even Nilsen*: «The EU Fight Against Poverty and Social Exclusion. Activation, Targeting and the Sustainability of the Welfare State». November 2006.
- 9-2006** *Merethe Mæland Bertelsen*: «Omorganisering av konkurransetilsynet». November 2006.
- 10-2006** *Rune Ervik*: «European Pension Policy Initiatives and National Reforms: Between Financial Sustainability and Adequacy». December 2006.
- 11-2006** *Kaia Christina I. Grahm-Haga*: «Utvikling av forvaltningsrevisjon i Norge». Desember 2006.
- 12-2006** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Modern Regulatory Agencies – Professional and Judicial Objectivity or Increased Complexity in Decision-Making?». December 2006.
- 13-2006** *Per Lægreid, Paul G. Roness and Kristin Rubecksen*: «Modern Management Tools in Norwegian State Agencies: Regulation Inside Government or Shopping Basket?». December 2006.

- 14-2006** *Tom Christensen, Anne Lise Fimreite and Per Lægreid:* «Reform of the Employment and Welfare Administrations – the Challenges of Co-ordinating Diverse Public Organisations». December 2006.

## 2005

- 1-2005** *Ivar A. Lima og Agnetha Vabø:* «Instituttstruktur og fakultetsorganisering ved HF-fakultetet, Universitetet i Bergen». Mai 2005.
- 2-2005** *Dag Arne Christensen og Jacob Aars:* «Modalen: Fra off-road til on-line på 25 år». Mai 2005.
- 3-2005** *Nanna Kildal:* «Fra arbeidsbegrepets historie: Aristoteles til Marx». Mai 2005.
- 4-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness and Kristin Rubecksen:* «Autonomy and Control in the Norwegian Civil Service: Does Agency Form Matter?». September 2005.
- 5-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness and Kristin Rubecksen:* «Regulating Regulatory Organizations: Controlling Norwegian Civil Service Organizations». September 2005.
- 6-2005** *Tom Christensen and Per Lægreid:* «Regulatory Reforms and Agencification». November 2005.
- 7-2005** *Anne Lise Fimreite and Per Lægreid:* «Specialization and Coordination: Implications for Integration and Autonomy in a Multi-Level System. November 2005.
- 8-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness and Kristin Rubecksen:* «Performance Management in Practice – The Norwegian Way». November 2005.
- 9-2005** *Stig Helleren:* «Omstilling i Arbeidstilsynet: Tilsynsmeldingens konsekvenser for strategi og organisering». November 2005.
- 10-2005** *Per Lægreid, Runolfur Smari Steinþorsson and Baldur Thorhallsson:* «Europeanization of Nordic Central Governments: Towards a Transnational Regulatory State?». November 2005.
- 11-2005** *Kari Ludvigsen and Kari Tove Elvbakken:* «The Public, the Mother and the Child. Public Health Initiatives Promoting the Strong and Happy Child – Focusing on Food and Mental Health». December 2005.
- 12-2005** *Rune Ervik and Ingrid Helgøy:* «Overcoming the Barriers and Seizing the Opportunities for Active Ageing in Norway: Report from an Expert Panel Meeting». December 2005.
- 13-2005** *Ingrid Helgøy:* «Active Ageing and the Norwegian Health Care System». December 2005.
- 14-2005** *Martin Byrkjeland og Knut Grove:* «Perspektiv på bygdeutvikling». Desember 2005.
- 15-2005** *Haldor Byrkjeflot:* «The Rise of a Healthcare State? Recent Healthcare Reforms in Norway». December 2005.
- 16-2005** *Monica Skjøld Johansen:* «Penga eller livet? Lederutfordringer i det reformerte norske sykehusvesenet». Desember 2005.
- 17-2005** *Kirsti Malterud, Kari Tove Elvbakken og Per Solvang:* «Helsekameratene. Gruppe for flerfaglig forskning om helse og sykdom i kulturelt perspektiv, Universitetet i Bergen 1999–2005». Desember 2005.

## 2004

- 1-2004** *Dag Olaf Torjesen and Hallgeir Gammelsæter:* «Management Between Autonomy and Transparency in the Enterprise Hospital». January 2004.
- 2-2004** *Haldor Byrkjeflot and Simon Neby:* «The Decentralized Path Challenged? Nordic Health Care Reforms in Comparison». January 2004.
- 3-2004** *Tom Christensen and Per Lægreid:* «The Fragmented State – the Challenges of Combining Efficiency, Institutional Norms and Democracy». March 2004.
- 4-2004** *Morten Dyrdal:* «Europeisering av tilsynsmyndigheter i Norge og Sverige». Mars 2004.
- 5-2004** *Karsten Vrangbæk and Katarina Østergren:* «The Introduction of Choice in Scandinavian Hospital Systems. Arguments and Policy Processes in the Danish and the Norwegian Case». March 2004.
- 6-2004** *Marit Tjomsland:* «Internationalization at Norwegian Universities and Colleges after the Quality Reform». April 2004. The Globalization Program.
- 7-2004** *Hans-Tore Hansen, Anne Hege Trædal-Henden, Olaf Jürgens and Wolfgang Voges:* «Poverty among Households with Children: A Comparative Study of Lone Parents and Couples with Children in Norway and Germany». April 2004.
- 8-2004** *Renate Storetvedt Lien og Arnhild Taksdal:* «Integrering av kjønnsperspektiv i offentlig tjenesteproduksjon og planlegging». Mai 2004.
- 9-2004** *Ingrid Helgøy og Synnøve Serigstad:* «Tilsyn som styringsform i forholdet mellom staten og kommunene». Mai 2004.

- 10-2004** Morten Dyrdal: «Legemiddeltilsyn og europeisering». September 2004.
- 11-2004** Bodil Ravneberg: «Økonomiske insentiv i arbeidslinjen, virker det? Evaluering av forsøksordning med kvalifiseringsstønad i 'Prosjektet Amalie' i Åsane». Oktober 2004.
- 12-2004** Per Lægreid and Synnøve Serigstad: «Organizing for Homeland Security: The Case of Norway». November 2004.
- 13-2004** Ivar Bleiklie: «Institutional Conditions and the Responsibilities of Universities». November 2004.
- 14-2004** Lise Hellebo: «Food Safety at Stake – the Establishment of Food Agencies». November 2004.
- 15-2004** Katarina Östergren: «The Institutional Construction of Consumerism. A Study of Implementing Quality Indicators». November 2004.
- 16-2004** Ingrid Helgøy and Anne Homme: «Governance in Primary and Lower Secondary Education. Comparing Norway, Sweden and England». November 2004.
- 17-2004** Tom Christensen, Per Lægreid and Inger Marie Stigen: «Performance Management and Public Sector Reform: The Norwegian Hospital Reform». December 2004.
- 18-2004** Tom Christensen and Per Lægreid: «Regulatory Agencies – The Challenges of Balancing Agency Autonomy and Political Control». December 2004.
- 19-2004** Dag Arne Christensen: «Velferdsstat, rettighetslovgivning og lokalt selvstyre». Desember 2004.
- 20-2004** Kristin Rubecksen: «Civil Service Organizations in Norway: Organizational Features and Tasks». December 2004.
- 21-2004** Kjell Erik Lommerud, Odd Rune Straume and Lars Sørgard: «National Versus International Mergers in Unionised Oligopoly». December 2004. The Globalization Program.
- 22-2004** Birte Folgerø Johannessen: «Ledelse og evidens i det psykiske helsevernet, konsekvenser for kunnskapsforståelse og organisering». Desember 2004.
- 23-2004** Jacob Aars og Svein Kvalvåg: «Politiske uttrykksformer i en bykontekst». Desember 2004.
- 24-2004** Ingrid Helgøy: «Active Ageing in the Labour Market. Country Report – Norway». December 2004.
- 25-2004** Torgeir Sveri: «Strukturer og reformer. En kvalitativ analyse av reformen 'Enhetlig ledelse' sett i lys av sykehushets arbeidsorganisering». Desember 2004.
- 26-2004** Stig Helleren: «Arbeidstilsynets rollekonflikt: Veksrende tilsynsstrategier mellom kontroll og veiledning». Desember 2004.
- 27-2004** Kjell Erik Lommerud, Frode Meland and Odd Rune Straume: «Globalisation and Union Opposition to Technological Change». December 2004.
- 28-2004** Frode Meland: «A Union Bashing Model of Inflation Targeting». December 2004. The Globalization Program.

## 2003

- 1-2003** Tom Christensen og Per Lægreid: «Politisk styring og privatisering: holdninger i eliten og befolkningen». Mars 2003.
- 2-2003** Ivar Bleiklie, Per Lægreid and Marjoleine H. Wik: «Changing Government Control in Norway: High Civil Service, Universities and Prisons». March 2003.
- 3-2003** Badi H. Baltagi, Espen Bratberg and Tor Helge Holmås: «A Panel Data Study of Physicians' Labor Supply: The Case of Norway». March 2003. HEB.
- 4-2003** Kjell Erik Lommerud, Frode Meland and Lars Sørgard: «Unionised Oligopoly, Trade Liberalisation and Location Choice». March 2003. The Globalization Program.
- 5-2003** Lise Hellebo: «Nordic Alcohol Policy and Globalization as a Changing Force». April 2003.
- 6-2003** Kim Ove Hommen: «Tilsynsroller i samferdselssektoren». April 2003.
- 7-2003** Tom Christensen and Per Lægreid: «Trust in Government – the Significance of Attitudes Towards Democracy, the Public Sector and Public Sector Reforms». April 2003.
- 8-2003** Rune Ervik: «Global Normative Standards and National Solutions for Pension Provision: The World Bank, ILO, Norway and South Africa in Comparative Perspective». April 2003. The Globalization Program.
- 9-2003** Nanna Kildal: «The Welfare State: Three Normative Tensions». Mai 2003.
- 10-2003** Simon Neby: «Politisk styring og institusjonell autonomi – tre illustrasjoner». Mai 2003.
- 11-2003** Nina Berven: «Cross National Comparison and National Contexts: Is what we Compare Comparable?». July 2003. The Globalization Program.

- 12-2003** *Hilde Hatleskog Zeiner*: «Kontrollhensyn og kontrollpraksis. En studie av Food and Veterinary Office (FVO)». August 2003.
- 13-2003** *Nanna Kildal*: «Perspectives on Policy Transfer». August 2003.
- 14-2003** *Erik Allardt*: «Two Lectures: Stein Rokkan and the Twentieth Century Social Science». «Den sociala rapporteringens tidstypiska förankring». September 2003.
- 15-2003** *Ilcheong Yi*: «The National Patterns of Unemployment Policies in Two Asian Countries: Malaysia and South Korea». September 2003. The Globalization Program.
- 16-2003** *Dag Arne Christensen*: «Active Ageing: Country Report Norway». November 2003.
- 17-2003** *Kim Ove Hommen*: «Tilsynspolitikk i Norge: Utflytting og autonomi». November 2003.
- 18-2003** *Dag Arne Christensen, Rune Ervik and Ingrid Helgøy*: «The Impact of Institutional Legacies on Active Ageing Policies: Norway and UK as Contrasting Cases». December 2003.
- 19-2003** *Ole Frithjof Norheim og Benedicte Carlsen*: «Legens doble rolle som advokat og portvakt i Fastlegeordningen. Evaluering av fastlegeordningen». Desember 2003. HEB
- 20-2003** *Kurt R. Brekke og Odd Rune Straume*: «Pris- og avanseregulering i legemiddelmarkedet. En prinsipiell diskusjon og en vurdering av den norske modellen». Desember 2003. HEB
- 21-2003** *Per Lægreid, Vidar W. Rolland, Paul G. Roness and John-Erik Ågotnes*: «The Structural Anatomy of the Norwegian State 1947–2003». December 2003.
- 22-2003** *Ivar Bleiklie, Haldor Byrkjeflot and Katarina Östergren*: «Taking Power from Knowledge. A Theoretical Framework for the Study of Two Public Sector Reforms». December 2003. ATM.
- 23-2003** *Per Lægreid, Ståle Opdal and Inger Marie Stigen*: «The Norwegian Hospital Reform – Balancing Political Control and Enterprise Autonomy». December 2003. ATM.
- 24-2003** *Håkon Høst*: «Kompetanse måling eller voksenutdanning i pleie- og omsorgsfagene? Underveisrapport fra en studie av pleie- og omsorgsutdanningsene». Desember 2003.
- 25-2003** *Kjell Erik Lommerud, Odd Rune Straume and Lars Sørgard*: «Downstream merger with upstream market power». The Globalization Program. December 2003.
- 26-2003** *Ingrid Drexel*: «Two Lectures: The Concept of Competence – an Instrument of Social and Political Change». «Centrally Coordinated Decentralization – No Problem? Lessons from the Italian Case». December 2003.

## 2002

- 1-2002** *Håkon Høst*: «Lærlingeordning eller skolebasert utdanning i pleie- og omsorgsfagene?». April 2002.
- 2-2002** *Jan-Kåre Breivik, Hilde Haualand and Per Solvang*: «Rome – a Temporary Deaf City! Deaflympics 2001». June 2002.
- 3-2002** *Jan-Kåre Breivik, Hilde Haualand og Per Solvang*: «Roma – en midlertidig døv by! Deaflympics 2001». Juni 2002.
- 4-2002** *Christian Madsen*: «Spiller det noen rolle? – om hverdagen på nye og gamle sykehjem». Juni 2002.
- 5-2002** *Elin Aasmundrud Mathiesen*: «Fritt sykehusvalg. En teoretisk analyse av konkurranse i det norske sykehusmarkedet». Juni 2002. HEB.
- 6-2002** *Tor Helge Holmås*: «Keeping Nurses at Work: A Duration Analysis». June 2002. HEB.
- 7-2002** *Ingvild Halland Ørnsrød*: «Mål- og resultatstyring gjennom statlige budsjettreformer». Juli 2002.
- 8-2002** *Torstein Haaland*: «Tid, situasjonisme og institusjonell utakt i systemer». Juli 2002.
- 9-2002** *Kristin Strømsnes*: «Samspillet mellom frivillig organisering og demokrati: Teoretiske argument og empirisk dokumentasjon». August 2002.
- 10-2002** *Marjoleine Hooijkaas Wik*: «Mangfold eller konformitet? Likheter og forskjeller innenfor og mellom fem statlige tilknytningsformer». August 2002.
- 11-2002** *Knut Helland*: «Den opprinnelige symbiosen mellom fotball og presse». September 2002.
- 12-2002** *Nina Berven*: «National Politics and Global Ideas? Welfare, Work and Legitimacy in Norway and the United States». September 2002. The Globalization Program.
- 13-2002** *Johannes Hjellbrekke*: «Globalisering som utfordring til samfunnsvitskapane». September 2002. Globaliseringsprogrammet.
- 14-2002** *Atle Møen*: «Den globale produksjonen av symbol og kunnskap. Verdsflukt og verdsherredømme». September 2002. Globaliseringsprogrammet.

- 15-2002** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Complex Patterns of Interaction and Influence Among Political and Administrative Leaders». October 2002.
- 16-2002** *Ivar Bleiklie*: «Hierarchy and Specialization. On Institutional Integration of Higher Education Systems». Oktober 2002.
- 17-002** *Per Lægreid, Runolfur Smari Steinþorsson and Baldur Thorhallsson*: «Europeanization of Public Administration: Effects of the EU on the Central Administration in the Nordic States». November 2002.
- 18-2002** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Trust in Government — the Relative Importance of Service Satisfaction, Political Factors and Demography». November 2002.
- 19-2002** *Marit Tjomsland*: «Arbeidsinnvandringssituasjonen i Norge etter 1975». November 2002. Globaliseringsprogrammet.
- 20-2002** *Augustín José Menéndez m.fl.*: «Taxing Europe. The Case for European Taxes in Federal Perspective». December 2002. The Globalization Program.
- 21-2002** *Fredrik Andersson and Kai A. Konrad*: «Globalization and Risky Human Capital Investment». December 2002. The Globalization Program.
- 22-2002** *Fredrik Andersson and Kai A. Konrad*: «Human Capital Investment and Globalization in Extortionary States». December 2002. The Globalization Program.
- 23-2002** *Anne Lise Fimreite, Yngve Flo og Jacob Aars*: «Generalistkommune og oppgavedifferensiering. Tre innlegg». Desember 2002.
- 24-2002** *Knut Grove*: «Frå privat initiativ til kommunalt monopol. Lysverk, sporvegar og renovasjon i Bergen og Oslo 1850–1935». Desember 2002.
- 25-2002** *Knut Grove*: «Mellom 'non-intervention' og 'samfundsvillie'. Statleg og kommunal regulering av økonomisk verksemd i Norge på 1800-talet». Desember 2002.
- 26-2002** *Dag Arne Christensen*: «Hovedtyper av valgordninger. Proporsjonalitet eller politisk styring?». Desember 2002.
- 27-2002** *Jan Erik Askildsen, Badi H. Baltagi and Tor Helge Holmås*: «Will Increased Wages Reduce Shortage of Nurses? A Panel Data Analysis f Nurses' Labour Supply». December 2002. HEB.
- 28-2002** *Sturla Gjesdal, Peder R. Ringdal, Kjell Haug and John Gunnar Mæland*: «Medical Predictors of Disability Pension in Long-Term Sickness Absence». December 2002. HEB.
- 29-2002** *Dag Arne Christensen og Jacob Aars*: «Teknologi og demokrati. Med norske kommuner på nett!». Desember 2002.
- 30-2002** *Jacob Aars*: «Byfolk og politikk. Gjennomgang av data fra en befolkningsundersøkelse i Bergen, Oslo og Tromsø». Desember 2002.
- 31-2002** *Hjørdis Grove*: «Kommunaliseringss prosessen i Århus 1850–1940». Desember 2002.

ROKKANSENTERET  
NYGÅRDSGATEN 5  
5015 BERGEN

TLF. 55 58 97 10 / FAX 55 58 97 11  
E-POST: [POST@ROKKAN.UIB.NO](mailto:POST@ROKKAN.UIB.NO)  
[WWW.ROKKANSENTERET.UIB.NO](http://WWW.ROKKANSENTERET.UIB.NO)